

VESTMANNALAGET

(skipa 21. januar 1868)

Vestmannalaget
Vestmannen

Bergen, 15. november 2001

Lars Bjarne Marøy
Glåmlivegen 17
2213 Kongsvinger

Gode Lars Bjarne.

Stjorni i Vestmannalaget er takksam for at du tok yver bladstyringi av *Vestmannen* i ein akutt situasjon, men som du veit, hev me two gonger i haust teke upp til dryfting spørsmålet um "Vestmannen - økonomi og bladdrift". Det hev kome kritiske merknader til rekneskapen og til bladet frå både Ludv. Jerdal og andre som er med i Vestmannalaget. Brevet frå Jerdal hev du fenge kopi av, og me vilde ynskja at du no sender oss ei fyldigare utgreidning um *Vestmannen*, slik du lovar i eposten din dagsett 25.10.

Men stjorni vil og be deg konkret um:

- 1) å syta for at Helge Liland snarast fær hand um alle sakspapir og vedlegg som vedkjem rekneskapen for inneverande år. Skal Liland få ferdig rekneskapen i rett tid - og det må vera eit ufråvikeleg krav - lyt han no få alle reknesaksdokument frå deg. Dersom noko av dette tilfanget finst i heimen din i Eliasmarken 14, er Liland viljug til personleg å henta det etter nærmare avtale med deg. Men han lyt ogso få yversendt dei vedlegg du måtte ha samla upp på Kongsvinger.
- 2) å senda stjorni ei uppgåva yver inneståande på *Vestmannen* sine ulike bankkonti pr 1. november d.å.
- 3) å gjeva oss eit yverslag yver innkomne bladpengar dette året.
- 4) å gjeva oss eit yverslag yver innkomne gåvor so langt i år.
- 5) å gjeva oss eit yverslag yver prente- og lønskostnader til dessar i år.
- 6) å gjeva oss ei vurdering av din eigen arbeidssituasjon i høve til den tid som gjeng med til styringi med bladet. Skal me taka det faktum at det no ser ut til å verta eit nummer mindre dette året enn det som er vanleg, som eit teikn på at arbeidet med *Vestmannen* vert for tidkrevjande?

Sidan stjorni i Vestmannalaget ogso stjornar bladet *Vestmannen*, torer me be um at du svarar på desse spørsmåli snarast råd - og seinast innan 1. desember d.å., slik at stjorni kann dryfta bladverksemdi på eit møte tidleg i desember månad.

Med venleg helsing

Boe
Stjorni i Vestmannalaget

Tor Arne Boe

God Dykk

Eg viser til tilsendt notat frå Jerald, med fylgjeepost frå Jon Askeland og brev dagsett 15. november. Eg vil dessutan understreka at eg ved fleire høve i haust hev kontakta Jon Askeland via epost og lagt fram synspunkt på Vestmannen. Eg vil vidare få visa til at eg på lagsmøte i januar hev kommentert fleire av dei påstandane som Jerald hev kome med. Eg hev dimeir kommentera dei i årsmeldingi. Eg hev vidare lagt fram fleire moment ved det prentetekniske i samtale med Jon Askeland i juni og juli. Arbeidet hev ikkje brigda seg den seinaste tidi, men rutinane hev vorte meir innarbeidde etter umstruktureringi med nummer 4. Frå og med nr. 4 yvertok eg og mine hjelpesmenn Olav Torheim og Klaus Johan Myrvoll ein større del av produksjonsprosessen. Umstruktureringi hev kosta mykje arbeid og krefter. No ser det ut til at arbeidet skal krunast med hell. Bladet hev vorte betre på det prentetekniske. Det er eit livsvilkår.

Det er i augneblinken uråd for meg å svara på dei spørsmåli som De legg fram.

Innleidingsvis

Jon Askeland meiner at det er grunn til å taka upp Vestmannen. Det kann han meina. Men um stjorni vilde vita noko, hev ho havt høve til å spryja. Eg hev fenge eit notat frå Jerald med ei rad skuldingar, påstandar og ytringar. Kva meiner stjorni um alle desse tingi? Det hev eg aldri høyrt noko um.

1 Eg hadde rekneskapsdokumenti klår då eg for frå Bergen i haust, men det lukkast ikkje å få avvikla noko yverleveringsmøte med Helge Liland, endå me båe strekte oss so langt me kunde for at det skulde lukkast. Eg kunde diverre ikkje få med meg rekneskapsvedleggi til Kongsvinger, flyttelasset vart stort nok. Etter at eg fekk det seinaste brevet Dykkar er eg nøydd til å ha tilgang på rekneskapsdokumenti for å få gjort eit skikkeleg yverslag på dei fyrebilse rekneskapspostane De vil ha innsyn i , og eg må soleis få vedleggi tilsendt.

No driv mor mi med uppussing. Eg hev ikkje høve til å reisa til Bergen. Uppussingi vilde dimeir føra til at eg vilde få astma-plagor av støvet. Eg hev eit umfemnande arkiv yver ei rad emne millom anna yver målspusmål , og det hev ikkje lukkast meg å få mor mi til skyna systemet i dette arkivet. Mor mi hev vist stort engasjement med å leita, trass i mangt anna fyrefallande arbeid. Ho hev funne ein perm til meg, men det var diverre ein feil perm. Ho gjev likevel ikkje upp og leitar vidare. Ho vonar det skal lukkast å finna permen og få han sendt snarast råd, slik at eg kann få samla alle vedleggi. Og få svara på spørsmåli Dykkar.

2 Når det gjeld brevet frå Jerald, er det umfatande og sers innfløkte samanhengar han legg fram. Eg hev kome i gong med arbeidet her, men eg hev vore nøydd til å prioritera arbeidet med bladet og innarbeidning av nye rutinar i blad-drifti. Eg vil elles få segja at eg naturlegvis hev teke umsyn til kritikken frå Jerald i arbeidet med bladet. Alle kritikarar av bladet er velkomne. Eg vil soleis beda um at all kritikk av Vestmannen som stjorni fører, vert sendt til meg. Det er ille etter mitt syn at ikkje dei andre kritikarane hev vorte refert for meg. Kva er det andre lagsfolk meiner um bladet? Kva kann gjerast for å betra bladet?

Tilleggsmoment:

1 I tillegg til punkt 1 og 2 er det likt til at eg vil måtta leggja fram for stjorni systematisk den kontakt det hev vore millom meg og Jon Askeland. Den hev tydelegvis ikkje vorte vidareformidla.

2 Eg vil i dette brevet få visa til stjornaruppritet som Linga sende ut. Her gjeng det fram at Askeland hev ytra seg um framtidig blad-drift og motsett seg å setja upp bladpengane. Det er etter mi vurdering godt grunnlag for å halda fram blad-drifti som no. Men då er det svært viktig for bladet at bladpengane vert auka til 200 kronor. Um stjorni ikkje vil auka bladpengane, må stjorni taka på seg skuldi for at det økonomiske resultatet vert svært dårlig til neste år, med mindre det skulde koma til umframme inntekter. Eg vil soleis gjera framlegg um fylgjande vedtak i stjorni. Stjorni aukar bladpengane til 200 kr.

Dette er det eg kann segja pr. i dag. Eg vil koma attende til saki, so snart det er praktisk mogleg. Dei neste dagane lyt brukast til å redigera ferdig Vestmannen nr. 10. Vonleg vil bladet koma fram til tingarane fyre jol. Eg bed soleis um at den uppsette fresten vert utlengd.

Med venleg helsing
Lars Bjarne Marøy

VESTMANNALAGET

(skipa 21. januar 1868)

Bergen, 4. desember 2001

Lars Bjarne Marøy
Glåmlidvegen 17
2213 Kongsvinger

Gode Lars Bjarne.

Vedlagt fylgjer kopi av vedtak i stjorni. Vedtaket medfører at me lyst løysa deg frå umbodet som bladstyrar/forretningsførar av *Vestmannen*. Eg vil på nytt få segja meg leid for at me ikkje ser annan utveg i den noverande situasjonen, og vil nytta høvet til å takka deg for heilhuga stræv for målsak og norskdom.

Vensam helsing

For stjorni i Vestmannalaget/Vestmannen


Jon Askeland
formann

VESTMANNALAGET

(skipa 21. januar 1868)

Møte i stjorni i Vestmannahaget 3. desember 2001
sak 2 Vestmannen - økonomi og drift

Vedtak:

Stjorni i Vestmannahaget - som og er bladstjorn for *Vestmannen* - lyt dverre slå fast at Lars Bjarne Marøy i sitt skriv dagsett 30. november ikkje ser seg i stand til å svara på dei punkt som er nemnde i brevet vårt av 15. 11. Me skriv i dag 3. desember og stjorni er framleis heilt uvitande um den økonomiske stoda i bladet. Slik kann ikkje eit andsvarleg bladstyre godtaka, og me ser difor ikkje annan utveg enn å løysa Lars Bjarne Marøy frå umbodet som bladstyrar og forretningsførar for bladet *Vestmannen* med verknad frå 1. januar 2002.

Stjorni gjer og vedtak um at formannen vender seg til den tidlegare bladstyraren Jostein Krokvik for å beda honom um å hjelpa til med å få bladet ut i 2002 og å få bladverksemdi til å fungera på godtakande vis.

Stjorni vil og på nytt få takka Lars Bjarne Marøy for at han tok på seg å vera bladstyrar i ein akutt situasjon og for det arbeidet han hev gjort for bladet fram til no. Me segjer oss leide for at me i den noverande situasjonen ikkje ser annan utveg enn å gå til uppsegjing av bladstyraren, men me vonar likevel at det vert høve for Lars Bjarne Marøy til å skriva i bladet og fremja arbeidet for *Vestmannen* i åri som kjem.

Gode Lars Bjarne.

Kunne me avtala å møtast no ein av dagane? Eg ser gjerne at me tek ein prat um Vestmannen og andre spørsmål. Kva med å møtast på Ervingen i morgen føremiddag? eller etter klokka 15? eller event. fredag.

Venleg helsing

Jon Askeland

Gode Jon

Etter mi meining hev eg ikkje på noko tidspunkt stelt meg avvisande til å hjelpa til med å svara på konkrete spørsmål som hev uppstade. Eg er ikkje uviljug til å hjelpa deg med å svara på konkrete spørsmål, men dei siste utspeli frå deg (fleirtalet i stjorni) hev derimot vore lite konstruktive. På bakgrunn av desse utspeli ser eg ikkje at det er grunnlag for noko møte millom oss fyre tri ting er avklåra:

- 1 Vedtaket um Vestmannen i stjorni frå 3. desember vert umgjort.
- 2 Vestmannen skal halda fram med å koma ut med ti nummer i året
- 3 Bladpengane vert auka til 200 kronor

Um desse vilkåri vert innfridde, vil eg kunna ha noko å prata med deg um når det gjeld Vestmannen. Um ikkje, kann eg ikkje sjå at me hev noko å tala um.

Med venleg helsing

Lars Bjarne

Gode Lars Bjarne.

Vedtaket i stjorni kann eg ikkje - um eg det måtte ynskja - på eiga hand gjera um på: det eg hadde hug å tala med deg um, var um me kunne finna ordningar som legg eit grunnlag for t.d. endring av vedtaket som vart gjort 3. desember.

Klaus Johan Myrvoll kontakta meg fyre jol og eg bad honom taka upp med deg ei kompromissløysing: ei umleggjing av Vestmannen: det vert utpeika ei skriftnemnd der du sjølv, Myrvoll, Torheim, Krokvik og eventuelle andre er med. Krokvik stend i fyrste umgang som bladstyrar (postverket krev at ein mann stend uppførd som "redaktør"). Dersom du ikkje vil diskutera slike og andre spørsmål, blir det vanskeleg å finna grunnlag for andre løysingar enn vedtaket frå 3. desember.

Det er og andre grunnar til at me burde ha eit møte. Eg hev framleis ikkje motteke formannsklubba, eller lykel til bankboksen til Vestmannalaget o.l. Eg tykkjer me burde nyttet medan du er i Bergen til å ordna upp i dette. Sameleis bør Liland no få alle dokument som vedkjem rekneskap for Vestmannen for 2001. Men dette har du kannhenda alt avtala med honom?

Eg trur og at ein samtale kann gjeva oss eit betre grunnlag for å ordna upp i dei flokane som gjeld samarbeidet millom oss enn berre ulike former for brevbyte.

Eg vil difor på nytt uppmoda deg um at me møtest - på Ervingen, mitt kontor eller annan stad medan du er heime. Kva med den 31. kl 12.00? Eller ein av dei påfylgjande dagane?

Venleg helsing

Jon Askeland

Gode Jon

I brev til meg 28. desember segjer du at du vil finna ordningar som legg eit grunnlag for endring av vedtaket som vart gjort 3. desember. Du talar vidare um kompromissløysingar. Eit kompromiss må millom anna innebera at me vert samde um kva som var bakgrunnen for vedtaket i stjorni av 3. desember og samde um kva veg Vestmannen skal halda fram på.

Eg ser det slik at denne saki er so kompleks at ho bør greidast ut grundig. Det dreiar seg um flaggskipet å høgnorskrørsla, ei rørsla som dei siste åri hev vakse med two nye lokallag på Sunnmøre, eitt i Sunnhordland og two i Oslo, og som hev fenge inn nye folk i styret i Vestlandske Mållag og Ivar Aasen-sambandet. Høgnorskringen hev kring 60 lagsmenn. Trass i at two av dei meste trottige skribentane i bladet, Jerald og Krokvik, hev skrive lite, hev det kome til nye ihuga og uppglødde folk med bakgrunn i dei nye miljøi. Folk som vil arbeida for målreisingi og som held seminar og opne møte um målsak, og som ikkje minst er skrivenføre.

Kva er det med denne utviklingi som fleirtalet i den nye stjorni i Vestmannalaget evt. er usamdi?

Kva er det som eventuelt skal gjerast onnorleis? Vil fleirtalet i stjorni no gjera inngrep mot det viktigaste talerøyret til denne veksande rørsla?

Dette er røynde spørsmål som eg ikkje tykkjer fleirtalet i stjorni tek på ålvor. Men det er fleire, og dei kverv ikkje burt med at me møtest reint fysisk.

Kva botnar vedtaket av 3. desember i?

På stjornarmøte 12. november vilde du ikkje gå med på å setja upp bladpengane for 2002 til 200 kronor. Samstundes gjorde du det klårt at du ikkje visste kor mange nummer som skulde koma i 2002. Desse umstendi reiser ei rad spørsmål:

1. Kvifor stelte du spørsmål ved kor mange blad som skulde koma ut i 2002?
2. Hadde du på dette tidspunkt vurdert andre alternativ enn å halda fram med meg til bladstyrar?
3. På kva grunnlag gjorde du i so tilfelle denne vurderingi?
4. Um so var, kvifor var ikkje eg informert um dette?

I brev dagsett 15. november fekk eg spørsmål frå stjorni um økonomien i Vestmannen. Brevet mottok eg først den 19. november. Det var sett frest til 1. desember med å svara på spørsmål:

5. Kva var bakgrunnen for at stjorni i realiteten gav meg berre 10 dagar til å finna fram rekneskapspapiri?
30. november svara eg på e-post, der eg grunngav kvifor eg ikkje kunde gjeva dei upplysingane du bad um.
6. Kva var grunnen til at stjorni gjorde vedtaket av 3. desember når eg kom med grunngjeve svar på at eg ikkje kunde greida upp i sakene på so stutt varsel?

Kva kunde og burde stjorni vita?

I vedtaket 3. desember segjer stjorni at ho er heilt uvitande um den økonomiske stoda i bladet. Då må ein spyrja seg:

7. Kva meiner stjorni um dei økonomiske disposisjonane som tidlegare styre hev gjort?

Eg gjer merksam på at eg som bladstyrar ikkje kann stå andsvarleg for alle desse disposisjonane. Eg kann heller ikkje stå andsvarleg for tilhøve som hev med rekneskapsføring, revisjon og organisatorisk fyrehaving av rekneskapen til Vestmannen. Um stjorni vil gjera um på nokon av desse disposisjonane hev ho fullt høve til det. Den fyrre stjorni vedtok jamvel budsjett. Det vart gjort 11. desember 2000 og budsjettet er lagt inn i formannsarkivet.

8. Hev stjorni studert dette dokumentet?
9. Kvifor kom ikkje stjorni med spørsmål utfra budsjettet?

Eg hev motteke notat med gjennomgang av økonomien til Vestmannen, men rekneskapen og revisormeldingi hev eg ikkje fenge.

10. Kvifor sende ikkje stjorni rekneskapen og revisormeldingi med spørsmål um kommentar av dei ulike postane?
11. Hev stjorni lese årsmeldingi til Vestmannen?

Der er det millom anna oppgjeve tingartal.

12. Hev stjorni lese gåvelistone i Vestmannen?
13. Hev stjorni studert utleggi frå tidlegare år?
14. Hev stjorni spurt Helge Liland um den økonomiske stoda? Og kva svar hev Helge Liland kome med?

Det er Helge Liland som hev stade for lønsutbetalingane for Vestmannen.

15. Kva spørsmål hev Liland fenge um lønsutbetalingane på stjornarmøtet der han var innkalla?

Sjølv må eg gå til min eigen personlege økonomi skal eg finna svar på dette. Økonomipermen min for vårhalvåret stod av praktiske grunnar i Bergen. Summen som hev til gode er for resten um lag 9300 kronor.

Mitt tilhøve til Vestmannen

16. Kva tid hev du som andsvarleg formann lagt fram brevet mitt frå 25. september for stjorni?

I brevet bad eg um at Vestmannalaget vert registrert i Brønnøysundregisteret, slik at eg kunde få den løni eg skulde ha med forskotstrekk. Kemnaren hev upplyst at det ikkje let seg gjera å få registrert løni på skikkeleg vis, um ikkje Vestmannalaget er registrert i Brønnøysund.

17. Hev du på noko tidspunkt vurdert dette? Og kvifor hev eg ikkje fenge noko svar? Eg hev streka under for deg at det er Vestmannalaget som må registrerast. Dette hev eg òg teke upp med Sigbjørn John Huun. Og Helge Liland hev sagt dette på stjornarmøte. Likevel

kjem det registreringsskjema for Fritz Monrad Walles fond og ikkje Vestmannalaget i posten til meg.

18. Kva er logikken i dette?

Du veit godt at Vestmannalaget stjornar både fondet og bladet. Då er det laget som skal registrerast og ikkje underbruksi.

19. Når du visste at det var Vestmannalaget som måtte registrerast i Brønnøysundregisteret for at ikkje løni mi skulde gå rett i statskassa, kvifor hev du då ikkje gjort noko for å få Vestmannalaget registrert i Brønnøysund?

Eg hev uppfata at det skal vera misnøgje med måten eg hev redigert Vestmannen på, og at det skal vera ein av grunnane til at eg hev vorte uppsagd.

20. Kvifor hev du/stjorni aldri sagt kva det er med måten eg hev redigert Vestmannen på som folk hev reagert på? Eg legg fram eit eige notat um nokre av Jerdals påstandar i eige skriv.

Då eg spurde og lagde fram dette for stjorni i brev frå 1. desember, fekk eg ikkje noko svar. Likevel er dette ein påstand som heilt klårt vert teken upp att gong etter gong, utan at nokon kjem fram med ein uttala kritikk som skulde borga for at eg er uskikka til å vera bladstyrar.

Eg hev varsla Klaus Johan Myrvoll og Olav Torheim um brevet ditt um stjornarvedtaket 3. desember, men det undrar meg at du skriv at du hev vore i kontakt med Myrvoll og lagt fram kompromissløysingar for honom. Myrvoll hev handla på eige tildriv. Eg vil beda um at du gjer greide for kva kontakt det hev vore millom deg og honom og evt. skriftlege vedskifte.

Framtidi til Vestmannen

Endeleg må ein spyrja seg kva du og stjorni ser fyre dykk når det gjeld framtidi åt Vestmannen:

21. Korleis hev du tenkt at Vestmannen skal fungera frametter, dersom eg, Olav Torheim og Klaus Johan Myrvoll ikkje gjer noko arbeid med bladet?
22. Kor mange nummer skal det koma ut årleg?
23. Kven skal gjera arbeidet? Finst det nokon for tidi som kann gjera arbeidet like effektivt og godt som me?

Attåt kjem det at ein må spyrja seg:

24. Kvifor hev stjorni pålagt deg å venda deg til Krokvik for å beda honom um å hjelpa til med å få bladet ut i 2002 og ”få bladverksemdi til å fungera på godtakande vis”?
25. Kven er det som skal ha hovudansvaret for utgjevingi og taka mesteparten av arbeidsbyrdi når vedtaket berre inneber at Krokvik skal ”hjelpa til med å få bladet ut”?
26. Kva er det Krokvik skal gjera ”på godtakande vis” som eg ikkje hev greidt å få til, og det endå med tri heilhuga hjelpesmenner? Ein av dei, Olav Torheim, er uvanleg kunnig i uppsett av bladbunad på skjerm. Attåt å setja Vestmannen, hev han havt andsvaret for Høgnorsknnytt og andre mindre publikasjonar som hev gjeve liv til rørsla vår. Klaus Johan Myrvoll hev trottugt lese korrektur og sytt for at målet i bladet hev vorte munaleg betre. Myrvoll hev store språkkunnskapar. Han hev gjeve ut ei

avhandlinga på hovudfagsnivå i ein alder av 19 år. Denne uppgåva hev han fenge pris for frå unge forskarar. På bakgrunn av denne uppgåva hev han vunne gjetord for grannsemdi si langt inn i fagmiljøet på nordisk institutt i Oslo. Han hev lese korrektur på bladet til Målungdomen og ikkje minst på Dag og Tid. Kven skulde vera meir dugande til å styre med korrekturlesing og anna bladarbeid? Den tridje Kjetil Aasen arbeider i posten og kjenner alle postale rutinar. Kven kann vera betre til å greida upp i flokone med posten?

Tri løysingar

Etter det eg kann sjå, finst det tri løysingar på den floka du og stjorni hev ført bladverksemdi upp i, og det kann få ulike konsekvensar:

Løysing 1: Krokvik tek yver som bladstyrar åleine

Med dei umstellingane me hev gjort med bladet hev prenteverket fenge Vestmannen fiks ferdig til prenting. Det trengst berre små korrigeringar. Likevel hev me køyrt korrekturar yver telefonen etter at prenteverket hev gjort den siste finpussen på bladet. Trass i dette hev utsendingi drygt ut i dagar og vikor. Slik arbeidet vart gjort i Krokvik si tid, var det prenteverket sjølv som laut setja bladbunaden i bladet. Skal prenteverket attende til gamlemåten kann eg ikkje sjå at arbeidet kjem til å gå snøggare, snarare tvert um. Etter det eg skynar må talet på nummer gå ned då. Det tyder at me vandar det storverket Krokvik hev skapt, og som hev vist seg å vera liveført gjennom 17 år. Bladet kjem til å missa aktualitet og må tevla med mange andre blad med same utgjevingstal.

Løysing 2: Redaksjonsråd

Denne løysingi med redaksjonsråd verkar so lite gjenomtenkt at det er vanskeleg å taka ho ålvorleg, men greidt nog, her kjem vurderingi mi:

Det vert uråd å få til eit fungerande samarbeid med Krokvik via datatekniske hjelperåder. Krokvik hev mac-maskin, og dei diskettane han hev sendt til bladet kann ikkje lesast på pc-ar. Difor hev eg vore nøydd til å skriva inn stykki frå Krokvik frå papirvedlegg. Det same er tilfellet med Myrvoll og Torheim. Meiner du då at Krokvik skal samla inn alt tilsendt stoff, skriva det ut på papir og senda det til oss? Krokvik skal avgjera kva som skal koma på prent, og me skal sitja og skriva det inn på data og leggja det inn i den ferdige bladbunaden? Med dei korrekturane og anna arbeid som må gjennomførast, kjem det i praksis til å føra med seg at bladet vert endå meir forseinka enn i dag. Dette er ei sers därleg løysing for Vestmannen. I tillegg til dette fører det til at Krokvik, som alt no er gamal og sliten av tidlegare sjukdomstilfelle, må gjera ei mengd arbeid heilt fånyttes, av di me (eg, Myrvoll og Torheim) kunde ha gjort alt arbeidet, og utfallet hadde i praksis vorte mykje godt det same.

Spørsmålet vert til slutt: Kvifor meiner du eg, Torheim og Myrvoll skulde ha noko å vinna på dette? Kva hev bladet å vinna på denne løysingi? Kva hev stjorni å vinna på denne løysingi?

Løysing 3: Bladet held fram som no med meg som bladstyrar

Torheim (setjing) og Myrvoll (korrektur) held fram arbeidet sitt for bladet. Eg vil leggja fram

dei upplysningane som stjorni ynskjer og lyda merksamt til all konstruktiv kritikk. Kva er det då stjorni hev å lasta meg for? At eg ikkje straks la fram dei upplysningane som eg ikkje kunde leggja fram?

Notatet frå Ludvig Jerdal

Eg skal her berre gå inn på nokre av dei einskilde påstandane i det Jerald skriv. Det vil vera uråd å koma med utfyllande upplysningar på alle punkt av di bladet stødt er i endring. Ein må oppsummara innimillom, men ein kann ikkje oppsummara alt heile tidi.

Jerdal innleider notatet sitt med å slå fast at Vestmannen hev vorte därlegare. Han peikar på at rekneskapsførar Liland ikkje hev rekneskapen til Vestmannen ferdig i tide, han viser til at Liland hev slege ein koffert i bordet og segjer at det ikkje kann halda fram, og han held fram at det ikkje hev stade på girokorti kva årstal dei gjeld for. Alt dette er reint administrative tilhøve som ikkje hev noko å segja for korleis bladet ser ut, og korleis tingarane oppfattar bladet.

Jerdal meiner det er slutt på lange gåvelistor og viser til at det ikkje hev kome gåvor i august og september. Det er ikkje vanleg frå tidlegare år at det kjem gåvor i desse månadene. Det hev å gjera med at innkrevjingi av bladpengar gjeng fyre seg frå november til april. Etter den tid kjem det sers sjeldan innbetalingar, sume gonger ikkje i det heile, og då vert det ingen gåvor heller. Um ein samanliknar innbetalingane i nr. 1-4 i 2001, kjem dei ut me mykje godt den same summen som tidlegare.

Jerdal meiner vidare at det er eit underskot i driftrekneskapen på 20 000 kronor og at dette er so ålvorleg at rekneskapen ikkje kann godkjennast. Til det er det å segja at Vestmannen var inne i ein sers vanskeleg situasjon i 2000, og at underskotet fort kunde ha vorte større. Når det ikkje vart det kom det seg av at eg dekte inn mange av utleggi som var med bladet sjølv. Dette trass i at eg var arbeidslaus og so godt som blakk heile året igjenom.

Det vert hevdta at bladstyrar Marøy og rekneskapsførar Liland fær løn i løynd. Til det er det å segja at det var det motsette som var fyreloga frå bladstyret då eg vart tilsett. Fyreloga var å få fram den kostnaden som låg i bladdrifti. Tidlegare bladstyrar Krokvik fekk ei gåva frå Fritz Monrad Walles fond på umlag 12 000 kronor i året og dessutan kontorutlegg for umlag 5-6000 kronor. Etter instruks frå tidlegare formann Leidulf Hundvin vart gåva frå Fritz Monrad Walles fond førd som kontorhald i rekneskapen for fondet. Når so stjorni yverfører 15 000 kronor frå Fritz Monrad Walles fond og nyttar denne summen til løn åt bladstyrar Marøy, vert dette rekna for å vera løn i løynd! Dimeir vil eg få streka under at den summen eg fekk i bruttoløn var på 21 000. Summen er 3000 kronor yver det Krokvik fekk utan skattetrekk. Korkje eg eller Liland var klår yver at Vestmannalaget måtte ha Brønnøysundregistrering for at løni skulde verta skikkeleg registrert hjå kemnaren. Det vart me fyrst klår yver langt inn på sumaren eller hausten 2001. I og med at eg ikkje fekk forskotstrekk på løni sat eg att med 9000 kronor. Det er 7000 kronor mindre enn det Jostein Krokvik hadde sete att med. Eg vil her få understreka at eg ikkje på noko tidspunkt i 2000 hadde fast løna arbeid.

På grunn av vantande tildriv frå formann Askeland og stjorni gjeng ein stor part av pengane no framleis til statskassa.

Jerdal kommenterer at det hev vore fleire døme på feil i bladet. Det hev vore galne yvergangar og rot i umbrekkingi av bladet. Det stemmer at det vart mykje tull med yvergangane i nr. 4. Dette såg eg svært ålvorleg på. Eg fekk soleis utbeta desse problemi med hjelp frå Olav Torheim. Arbeidet var sers vanskeleg og kravde mange dagsverk frå oss båe.

Jerdal peikar på at det ikkje hev kome nokon Vestmannen i korkje juli eller september. Det er

ikkje so rart at det ikkje kome noko nummer i juli, for juli er frimånaden for Vestmannen. Det same er april. Dette hev vore fast frå Vestmannen byrja å koma. Bladet i september vart seinka på grunn av hardt arbeidspress med å få innarbeidt nye rutinar med kvalitetssikring, korrekturlesing, gjennomgang av bladbunad og uppsett. Jerald peikar på at det hev vore lange stykkje millom anna i eit av nummeri. Det varierar noko, og det er sjeldan at det er interessant å prenta lange stykkje berre for å prenta lange stykkje. Men det stykkjet me prenta av Johannes Volle var interessant av di det tok opp viktige sider av måldyrkingsarbeidet, og av dei vart halde på Høgnorskdagane i Volda, ei tilskiping med eit sers vellukka program som fleire burde få kjennskap til. Tilskiparen her var jamvel Vestmannalaget på Sunnmøre. Det i seg sjølv burde vera grunn god nok.

Det Jerald skriv kann millom anna gjeva uinnvigde inntrykk av at eg ikkje hev vilja ha stoff frå lagslivet. Eg hev aldri refusert slikt stoff. Denne stofftypen kom mest frå Jerald, heilt til han slutta å skriva til Vestmannen i ifjor. Elles kann eg ikkje sjå at slikt stoff hev kome frå nokon, undantek at du hev sendt ein Tuftekall frå Leidulv Hundvin. Den kom i Vestmannen nr. 8.

På kva tidspunkt hev stjorni vurdert å senda slikt tilfang til meg?

Eg kann òg upplysa um at eg hev sendt brev til Kreditkassen um lysingi, men at pengane ikkje hev kome inn fyrr i år. Liland kann upplysa nærare um det. Når det ikkje kom pengar for lysingi i 2000 kann det ha samanheng med at Kreditkassen ikkje betala ut pengane fyre etter nyåret.

Du hev vorte varsla munnleg tidlegare um at me hev havt vanskar med prenteverket og at det hev ført med seg at me hev vore seine med utgjevingi for å tryggja kvalitetskontrollen med bladet. Det var på grunn av arbeidet med nye rutinar at Vestmannen vart og vert forseinka. Eg hev måtta lesa korrektur upptil 3-4 gonger og nytta hjelpesmenn for at det heile skal lukkast. Hadde ikkje Olav Torheim no teke seg av den grafiske utformingi av bladet, hadde me havt store praktiske vanskar med å kontrollera bladet, og yvergangane i bladet hadde vorte sers låke. Det krev tid å gjera alt arbeidet sjølv, men det tryggjar kvaliteten på bladet. Mesteparten av tidi er ventetid på prenteverket. Og me freistar å kutta drastisk ned på denne tidi. Etter vårt syn hev bladbunaden vorte betre den siste tidi. Dette vitra eg deg um two gonger i sumar. Det var millom anna på grunn av arbeidet med Vestmannen at eg laut venta so lenge med å få yverlevert formannsarkivet.

Eg vil elles få leggja til at brevet frå Jerald framfor alt syner at du ikkje var i stand til å få gjennomført ein revisjon og å leggja fram ein rekneskap på forsvarleg måte. Eg tykkjer det syner stor mangel på dømekraft og organisatorisk gangsyn at du vil ha ein rekneskap for Vestmannen godkjend på eit lagsmøte, utan å ha havt han fyre i stjorni! Endå verre er det at du ikkje let til å ha fenge revisjonen undan i forsvarleg stand. Det ligg langt under lågmål at du ikkje ein gong hev sytt for at det ligg fyre uppkopierte rekneskapar og revisormeldingar.

På toppen av det heile greider du å senda rekneskapen til Ludvig Jerald lenge fyre du skal ha neste stjornarmøte i Vestmannalaget! Stjornarmennene fær rekneskapen yver bordet, men Jerald fær han lenge fyrr. Eg derimot, hev korkje fenge revisormelding eller rekneskap. Eg anar ingenting um korleis dei faktiske tali hev vorte. Eg tykkjer du skulde gjera vel og senda meg rekneskap og revisormelding straks.

Um eg ikkje hev fenge rekneskap og revisormelding hev eg fenge nok av underlege

meldingar. Eg hev fenge eit stjornarupprit som segjer dette um Vestmannen:

"Revisor John Marhaug synte til lagsmøtet 18. oktober der revisormeldingi for rekneskapen, men ikkje sjølvé rekneskapen, vart lagd fram. Marhaug sa at han ikkje hadde utført nokon kritisk revisjon, men heller ein usikker og skjematiske revisjon. Han påpeika at det var viktige manglar ved forretningsførsla, men at rekneskapsførar Liland ikkje kunne lastast for dette. Som døme på manglande oppfylgjing og kontroll vart nemnd justering av bladpengar, mangelfulle påføringar på utsende postgirotalongar for bladpengar og utbetaling av mangelfulle fakturaspesifikasjonar frå "Nytrykk".

På same stjornarmøte delte formannen ut eit 6-sidors brev frå Jerdal datert 12. oktober 2001 um bladet Vestmannen og Vestmannen-rekneskapen for år 2000.

Aksjonar:

- 1) Instruks og retningslinor for forretningsførsla skal arbeidast ut av revisor John Marhaug innan 1. november.
- 2) Formannen kallar inn rekneskapsførar Liland til neste stjornarmøte etter at instruksen frå Marhaug er distribuert til stjorni.
- 3) Formannen sender brevet frå Jerdal til redaktør Marøy og bed Marøy vurdera brevet."

Her heiter det, so langt eg kann forstå, at rekneskapen hev vore fyre på lagsmøte 18. oktober og at det heller ikkje denne gongen hev vorte orden på framleggjungi. Revisoren hev ikkje sett seg syn med å gjera ein skikkeleg revisjon og so burtetter. Det er ikkje mi uppgåva å døma um administrasjonen av Vestmannen. Men ein må spyrja seg kva inntrykk lagsflokkene må få av Vestmannen gjennom denne sers kritikkverdige framgangsmåten frå formannen si sida. Kritikken frå revisoren på ulike tilhøve er slikt som fungerte på nett same måte då Krokvik var bladstyrar: At giroane yver bladpengane ikkje hev vore påførde årstal er knapt serleg tungtvegande frå nokon synstad, for kravet um innbetaling vert sendt ut i november/desember året fyre dei skal vera betalte, og det kjem ei purring i januar/februar. So kjem bladpengane inn fram til um lag mars/april, deretter vert det so godt som ein stogg fram til neste utsending av krav på bladpengar i november/desember. Eg anar ikkje kva som hev skjett på lagsmøtet 18. oktober, og det undrar meg sterkt at eg ikkje hev fenge nokor tilbakemelding på stoda, ikkje ein gong rekneskapen eller revisormeldingi!

Kvifor det skal vera so viktig med å få påført årstal på girokorti er soleis eit godt spørsmål. Det vert elles nemnt at ein burde kontrollera at bladpengane vert justerte. Det høyrer ikkje med til forretningsførsla til bladet. Fakturaspesifikasjonane frå Nytrykk er nemnde. Det kjem fakturarar um lag ein gong i månaden. Der er det sagt frå um at rekningi gjeld Vestmannen. Kva som er upresist eller som ikkje er godtakande for revisjonen her er ikkje godt å vita. Det kunde evt. ha stade "Vestmannen nr. 1" eller dilikt, men det skulde likevel ikkje vera noko tungtvegande argument mot forretningsførsla. Her må revisor Marhaug vera klårare. Det er verdt å merkja seg at det so vidt eg veit aldri hev kome nokon instruks frå Marhaug.

Min konklusjon på brevet frå Jerdal er at det er uttrykk for ein frustrasjon yver at stjorni og formannen ikkje hev greidt å leggja fram rekneskapen og revisjonen på ein tilforlateleg måte. Då byrjar han å reisa spørsmål ved ei rad andre tilhøve. Det er ein sunn reaksjon, men med

nærare gransking av dei ulike tilhøvi, tykkjer eg at mange av punkti ankemåli ikkje råkar blink. Eg vil etter ein gong få understreka at eg alltid hev vore open for konstruktiv kritikk og at brevet frå Jerdal hev vorte teke umsyn når eg hev redigert bladet. Um det skulde vera grunn til å taka upp andre punkt i brevet til Jerdal serskilt for seg, kann eg sjølv sagt dryfta dette med stjorni i Vestmannalaget eller kven som helst elles som skulde ynskja det.

////////

Gode Jon

Eg ventar på svar frå deg. Eg vert ikkje verande i Bergen i mange dagar no, og um du kann sannsynleggjera at det trengst eit møte millom oss, må du gjera det snart. Eg vil ikkje ha det sitjande på meg at eg forlet byen, utan at du hev havt høve til å svara meg på notatet mitt og sannsynleggjera at me burde ha havt eit fysisk møte um Vestmannen.

Med venleg helsing
Lars Bjarne

Gode Lars Bjarne.

Eg går ut frå at dette er nyttelaust, men eg prøver likevel:

a) grunnen til at me fann å løysa deg frå umbodet var at du - som er den som sit som bladstyrar/økonomisk administrator av Vestmannen - ein månad fyre årsskiftet ikkje kann - eller ikkje vil - informera stjorni um ein einaste detalj som vedkjem den økonomiske sida av bladdrifti i 2001. Det tykkjer eg - og fleirtalet i stjorni - er uandsvarleg.

b) stjorni gjeng difor inn for å finna ei onnor løysing der me vert haldne informerte um det som gjeng fyre seg med bladet, slik at me eventuelt kann gjera endringar på grunnlag av kunnskapar og ikkje gissingar.

Um me er aldri so idealistiske, so kann me ikkje gjera arbeidet vårt i blindo. Difor nyttar det heller ikkje med lange rekkjor med spørsmål som svar på uppmodingar um samtalar.

Spørsmålet mitt er difor her og no:

yntskjer du å møta meg i morgen ettermiddag for å dryfta um du kann vera med på ei løysing um umlegging, der du saman med nokre andre vert del av ei skriftnemnd for bladet Vestmannen? Dersom du ikkje yntskjer det, vil eg likevel be um at me avtalar å råkast - slik at eg kann få lykel til bankboks og formannsklubba, som eg har bede um ved fleire høve. Eg kann i so fall også yverleverta deg 5 eksemplar av Norsk Målsoga til Opdalsfondet.

Venleg helsing

Jon Askeland

Svar på spørsmåli um økonomien

I brevet frå 15. november kjem stjorni inn på at det hev kome kritiske merknader til rekneskapen og til bladet frå både Ludv. Jerdal og andre som er med i Vestmannalaget. Eg hev svara på brevet frå Jerdal. Andre kritiske merknader hev eg aldri fenge frå stjorni, so kva dei måtte innehalda, veit ikkje eg. Eg meiner i alle fall at stjorni ikkje hev nokon sakleg grunn til å gjera slikt vedtak som dei gjorde 3. desember.

Det stjorni bad meg um reint konkret, var (eg hermer frå brevet):

1) *å syta for at Helge Liland snarast fær hand um alle sakspapir og vedlegg som vedkjem rekneskapen for inneverande år.*

Det er gjort.

2) *å senda stjorni ei uppgåva yver inneståande på Vestmannen sine ulike bankkonti pr 1. november d.å.*

Eg hev ikkje greidt å få tak i uppgåvor frå alle bankane, m.a. av di banken på Sunnmøre berre sender ut årsuppgåva. Eg kjem til å kunna svara fylligt på dette spørsmålet når årsuppgåvone kjem. Det hev Jostein Krokvik gjort kvart år. Etter det eg kann sjå, stend det ein stad millom 290 000 og 300 000 kronor på dei ulike kontoane i dag. Kor store renteinnkomor som vil koma, veit eg ikkje. Liland hev hand um kontoane i Kreditkassen.

3) *å gjeva oss [stjorni] eit yverslag yver innkomne bladpengar dette året.*

Den summen er på um lag 30 000 kronor. Den låge summen heng saman med at det var uråd for meg å få sendt ut krav um bladpengar for 2002. Stoda for bladet er uavklåra, og eg hev kome fram til at det er uforsvarleg å krevja inn bladpengar fyre stjorni hev funne ut kor mange nummer av bladet som skal koma ut, og i kva form bladet skal/kann halda fram. Det hastar med ei slik avklåring og stjorni må taka dette ålvorleg. Normalt med same tal innbetalingar som i fjar, kjem den totale summen til å liggja på kring 55 000-60 000 kronor. Med auke i bladpengane hadde summen vorte munaleg høgre. Det er elles grunn til å tru at mange trege betalarar ikkje hev svara av di dei ikkje hev vorte purra meir enn two gonger. Det kjem seg av at arbeidet med umstellingi av bladet tok all tid og alle krafter. Ei meir umfatande purring må gjenomførast ved neste krossveg.

Det er verd å merkja seg at det hev kome sers fåe uppsegjingar på bladet. Dei som hev kome, kann teljast på two hender. Det kjem derimot mange fleire nye som vil ha bladet. Og me hev fenge meldingar um folk som ikkje fær bladet etter at me hev purra prenteverket. Dette siste er ei uppgåva som ein person med serskilde fyresettader må taka seg av. Ein bladstyrar kann berre senda vidare dei meldingane han fær og føra nye tingarar inn i eige register. Han kann ikkje sjå til at tingarane faktisk fær bladet, med mindre han vert gjort merksam på det. Kjetil Aasen som hev arbeidet sitt i postverket, og som er vel inne i postale saker, hev sagt seg viljug til å taka på seg dette arbeidet.

4) *å gjeva oss [stjorni] eit yverslag yver innkomne gåvor so langt i år.*

Gåvelistone hev stade i bladi og det er ikkje noko vandemål for stjorni å rekna ut denne summen.

Men for ordens skuld: Summane i bladet frå nummer 1-4 er 11 850. I nr. 6 er det fôrd 150 kr. I nr. 9 er det fôrd upp 450 kronor. Den summen vilde utan tvil vore høgare, um det hadde vore forsvarleg å senda innbetalingsgiro for bladpengane.

5) å gjeva oss [stjorni] eit yverslag yver prente- og lønskostnader til dessar i år.

Utleggi til prenting hev vore på um lag 50 000 kronor. Dertil kjem sendekostnader på litt i underkant av 13 000.

Eg hev motteke 18 600 kronor i løn. Det er restløn frå i fjar og løn fram til nummer 6, Liland kann gjeva meir spesifiserte uppgåvor yver løni.

6) å gjeva oss [stjorni] ei vurdering av din eigen arbeidssituasjon i høve til den tid som gjeng med til styringi med bladet. Skal me taka det faktum at det no ser ut til å verta eit nummer mindre dette året enn det som er vanleg, som eit teikn på at arbeidet med Vestmannen vert for tidkrevjande?

Arbeidet med bladet er sers tidkrevjande, men eg og mine hjelpesmenn maktar å få ut ti nummer i året. Største vandemålet er at oppfylgjingi av prenteverket er sers tidkrevjande. Når eit ferdigt blad kann verta liggjande hjå prentverket i upptil 3 vikor, er det ille. Posten kann ikkje lastast lenger. Me hadde vanskar med han fyrr, men etter det eg veit, hev desse vanskane løyst seg no.

For eigi rekning vil eg leggja til:

- Vestmannen hev fenge 10 000 kronor i studnad frå Norsk kulturråd.
- Halldor O. Opedals fond avslo søknaden vår i år med den grunngjevingi at Vestmannen hev for god økonomi til å få løyving frå fondet. Det er fyrste gongen Vestmannen ikkje hev fenge det årlege tilskote på 10 000 kronor.
- Fritz Monrad Walles fond hev ikkje svara ut noko tilskot til Vestmannen i år. Det er òg fyrste gongen på mange år at dette fondet ikkje hev ytt studnad til bladet anten beinveges eller i løn gjennom kontorhaldsposten.

Med dette hev Vestmannen mist um lag 20 000 i innkomor. Attåt kjem at Røflo Longvas fond ikkje hev ytt Vestmannen nokor løyving i år. Det var Harald Linga som sökte, men um han hev fenge noko svar, veit eg ikkje. Bladet hev soleis mist 20 000 i innkomor.

Samla sett hev bladet um lag 50 000 60 000 kronor mindre i innkronor no enn vanleg. Det kjem seg i høg grad av uvissa um framtid til bladet, valda av bladstjorni. Kvifor stjorni i Vestmannalaget ikkje vil stydja bladet med tilskot frå Fritz Monrad Walles fond, stend stjorni sjølv næraast til å svara på. Slike tilskot hev vore eit livsvilkår for bladet sidan det vart skipa. Opedalsfondet meiner Vestmannen hev for god økonomi. Det er det lite å gjera med anna enn

å argumentera betre til næste år. Kva Røflo Longvas fond meiner, veit eg ikkje.

Eg vart sitjande utan tilgang til datautstyr då eg flutte. Skulde eg røkta bladstyrargjerningi mi, laut eg kjøpa meg ny datamaskin. Den vart kjøpt inn rimeleg for 9000 kronor. Attåt hev eg kjøpt skrivar. Med bakgrunn i kritikk av därlege bilete, sein postgang millom prenteverket og bladstyraren/medhjelparane og annan kritikk som gjeld snøgggleik, kom eg i samråd med Olav Torheim fram til at det vilde hjelpe bladet storleg å ha tilgang til telefaks, skanner og kamera. Dette utstyret hev bladet no investert i.

Utleffi til dette hev vore på kring 6 000 kronor. Innteningi i produksjonsprosessen vil kunna koma til å verta merkande, um bladet held fram. Med faks kann bladet koma beinveges fram til korrektur. Elles er røynsla at bladet vert liggjande lenge hjå prenteverket, vert seinka i posten eller må sendast på faks når me ein hende gong kann snikja oss til slik tilgang.

Det hev vorte nytta 1000 kronor i tilskot til skrivar for Olav Torheim. Elles hev bladet havt dei årlege småutleffi til fyrefallande innkjøp. Dei summerar seg opp til um lag 6500 kronor. Det er 3000 kronor yver budsjettet, men ligg heilt på nivå med tidlegare utlegg, jamvel noko i underkant.

Eg vil elles få leggja til at eg ikkje kann skryta nok av Olav Torheim. Han er umåteleg glup. Bladet hev spara um lag 20 000 kronor på at Olav Torheim hev havt tilgang til dataprogram. Dessutan hev han fenge bladet yver ei ålvorleg krisa med umsyn til redigeringi.

Sluttord

Eg hev no svara so godt og samvitsfullt eg kann på spørsmåli frå stjorni.

Gode Jon

Eg tykkjer det er lite konstruktivt at du ikkje vil gå inn i ein diskusjon um Vestmannen med bakgrunn i det som er grunngjevingi for å at stjorni gjorde vedtaket av 3. desember. Eg veit ikkje anna enn at stjorni ikkje vil ha meg til bladstyrar av di eg ikkje kunde leggja fram upplysningar um økonomien til Vestmannen. Du hevdar at eg ikkje vilde leggja fram slike upplysningar. Det stend det ikkje på i det heile.

Eg hev no i ferien heime i Bergen, arbeidt med økonomien til Vestmannen. Huset var i kaos då eg kom heim på grunn av det siste rotet frå uppussingi. Eg måtte brukta tid på å finna rekneskapspermen og fann han. Eg hev granska upplysningar i Vestmannen og i permens og funne fram til cirka tal. Eg legg desse tali fram i eit eige notat. Du meiner at eg ikkje vilde leggja fram ein einaste detalj um økonomien. Det er ikkje sant. Eg viste til årsmeldingi i mitt brev frå 30. november. Dessutan kunde stjorni utan noko problem finna fram til gåvelistone i bladet. Det var dimeir svar på eit av spørsmåli!

Eg vil få peika på at du og stjorni ikkje på noko tidspunkt fyre 12. november viste nokor interessa for økonomien til Vestmannen i år 2001. Fyrste gong du i det heile kontakta meg um Vestmannen var 19. oktober. Då var det tale um eit møte. At me ikkje kunde få til noko møte i oktober er ikkje berre min feil. Eg var på Opdalskonferansen, og du kunde ha møtt meg der til ein uformell prat. Men eg såg ingenting til deg.

Elles kom du i tidi fram til 12. november med spørsmål um framtid til Vestmannen. Eg kann ikkje sjå at eg kunde gissa meg fram til kva svar eg skulde gjeva på dette spørsmålet. Spørsmålet hadde iallfall ikkje noko konkret innhald som galdt økonomien til Vestmannen.

Eg vil elles slå fast at Helge Liland på stjornarmøte i Vestmannen informerte stjorni um kor mykje pengar det stod på kontoane til Vestmannen. Dette hadde han beinveges frå meg.

Du meiner at stjorni treng ei onnor løysing der ho kann verta informert um det som gjeng fyre seg med bladet, slik at stjorni kann gjera endringar på grunnlag av kunnskapar og ikkje gissinger. Då vil eg spyrja kva er det bladstyret hev ynskt å gjera? Når Jerald med grunnlag i økonomien frå fjoråret kunde slå fast at bladpengane måtte aukast. Kvifor kom ikkje stjorni fram til same konklusjon? Du kjem derimot til den konklusjonen at du ikkje veit kor mange nummer det skal koma av Vestmannen i 2002. Kva er grunnlaget for den konklusjonen?

Eg meiner at du som andsvarleg formann for bladstyret hev havt tilgang til alle vesentlege delar av økonomien til Vestmannen, uavhengig av den informasjonen du kunde ha fenge frå meg.

Det du ikkje visste

Det einaste du ikkje visste var at eg hadde brukta 3000 kronor meir enn budsjettet til redaksjonelle utlegg, mogleg Liland vil postera det onnorleis, slik at budsjettet likevel gjeng upp på ein prikk. Iallfall vil det vera postar som gjeng ned. Eg hev investert i datamaskin utan å informera stjorni og i anna kontorutstyr som eg gjer greide for i notatet. Eg meiner desse umframme utleggi på umlag 15 000 kronor var livsavgjeraande for Vestmannen, um bladet skulde kunna halda fram. Eg fekk elles ingen spørsmål um eg hadde havt umframme utlegg, so det var altso ikkje dette som var det viktigaste for stjorni. Eg kann heller aldri hugsa at Krokvik informerte stjorni beinveges um slike utlegg.

Eg vil no spyrja deg kva informasjon du ikkje kunde ha hatt tilgang til og som eg kunde ha gjeve deg og som vilde ha fenge stjorni til å gjera seg tankar um ei eventuell endring av drifti? Og kva endringar kann det no vera snakk um?

Når stjorni ikkje på noko tidspunkt hev kome til at det er noko gale med mi redigering av Vestmannen. Kva er det då som er grunnen til at stjorni ikkje kontaktar meg skriftleg med andre løysingsframlegg enn vedtaket av 3. desember? Eg kann ikkje sjå at bladstyret hadde nokon grunn til å løysa meg frå uppgåvor som dei ikkje kann lasta meg for med konkrete upplysningar eller spørsmål. Endå mindre no når eg hev svara på klagemåli frå Jerdal.

Eg kann ikkje sjå at du tek utgreidingane mine til Jerdals spørsmåli på ålvor, heller ikkje spørsmåli mine til deg vedkomande vedtaket av 3. desember. Du kallar tingingsnotatet mitt for "endelause rekkjer med spørsmål". Når du på denne måten ikkje ynskjer å taka upp realiteten i saki, korleis skal me då kunde koma vidare med samtalor?

Fyrre gong var det eit konkret framlegg um at eg skulde sitja i ei skriftnemnd med Krokvik til redaktør. Grunngjevingi for at Krokvik skulde vera redaktør var ikkje sakleg fundert i redigeringi av bladet, men du grunngav det med at postverket krev ein redaktør. Dette er for det fyrste ei tilsnikjing. Du ynskjer ikkje meg til formell redaktør og grunngjev det med utanforliggjande årsaker. Itillegg vil eg få fastslå at dette ikkje stemmer, og det burde du som andsvarleg formann i bladstyret vita. Det finst blad utan fast bladstyrar, og det finst jamvel blad utan bladstyrar.

Eg vil elles få taka oppatt at Jostein Krokvik skuld därleg helsa laut segja frå seg bladstyrargjerningi i år 2000. Han slo i brev til meg og stjorni 26. januar 2000 fast at det laut tilsetjast ny bladstyrar med løn. Eg vil slå dette fast serskilt for seg av di framleis truleg er folk som hevdar at stjorni i Vestmannalaget hev avsett Jostein Krokvik. Det var Jostein Krokvik som sa frå seg bladstyrargjerningi. Det viser brevi hans til stjorni frå 26. januar og frå 7. februar. Det var Jostein Krokvik som la fram spørsmålet um tilsetjing og um løn på 24 000 kronor i året. Han meinte jamvel at me kunde vurdera å lysa ut stilling!

Når du vil ha eit skriftstyre spør eg: Kva sakleg fundering hev dette til at stjorni hev vore misnøgd med min informasjon vedkomande forretningsførsla?

Denne gongen er eg ikkje viss på kven du vil ha med i ei skriftnemnd. Du nemner nokre andre. Eg spør då igjen: kven er det som kann gjera arbeidet med redigeringi av Vestmannen betre enn eg, Torheim og Myrvoll? Dette er eit røynleg spørsmål som du må kunna svara på.

Eg tolkar deg slik når du ikkje vil svara på spørsmåli i notatet mitt: at du korkje fyre 3. desemer eller etter 3. desember hadde gjort deg upp nokor meinig um kva som kunde ha vorte gjort med bladet fyre 3. desember, og korleis blad-drifti kunde koma til å verta etter 1. januar. Det er etter mitt syn heilt uandsvarleg av deg å gjera vedtaket frå 3. desemer utan å ha gjort deg upp noko syn på kva som skal skje etter 1. januar. Um dette er feil, vil eg beda deg um å segja frå um det.

Med denne framferdi du no hev nytta hev du skapa total uvissa um korleis bladet skal verta drive frametter. Dette må du klåra upp i.

Med venleg helsing
Lars Bjarne

PS. Formannsklubba og lykjelen fær du i posten. Eg vil segja meg sers leid for at eg ikkje fekk greidt ut med dette fyre eg for frå Bergen, men eg var sers travel og sameleis var det i oktober. Målsoga vil du alltid få høve til å yverlevera. Formann Berg tek seg av interessone til fondsstyret når det gjeld Målsoga. Um det skulde verta ynskjeleg, vil du få gode høve til å yverlevera bøkene til Mona Stormark som er nestformann i Opedalsfondet. Eg kann ikkje sjå at nokon av desse sakene skulde vera grunnlag for noko møte millom oss E.S.

Gode Jon

Eg tykkjer det er lite konstruktivt at du ikkje vil gå inn i ein diskusjon um Vestmannen med bakgrunn i det som er grunngjevingi for å at stjorni gjorde vedtaket av 3. desember. Eg veit ikkje anna enn at stjorni ikkje vil ha meg til bladstyrar av di eg ikkje kunde leggja fram upplysningar um økonomien til Vestmannen. Du hevdar at eg ikkje vilde leggja fram slike upplysningar. Det stend det ikkje på i det heile.

Eg hev no i ferien heime i Bergen, arbeidt med økonomien til Vestmannen. Huset var i kaos då eg kom heim på grunn av det siste rotet frå uppussingi. Eg måtte brukta tid på å finna rekneskapspermen og fann han. Eg hev granska upplysningar i Vestmannen og i permens og funne fram til cirka tal. Eg legg desse tali fram i eit eige notat. Du meiner at eg ikkje vilde leggja fram ein einaste detalj um økonomien. Det er ikkje sant. Eg viste til årsmeldingi i mitt brev frå 30. november. Dessutan kunde stjorni utan noko problem finna fram til gåvelistone i bladet. Det var dimeir svar på eit av spørsmåli!

Eg vil få peika på at du og stjorni ikkje på noko tidspunkt fyre 12. november viste nokor interessa for økonomien til Vestmannen i år 2001. Fyrste gong du i det heile kontakta meg um Vestmannen var 19. oktober. Då var det tale um eit møte. At me ikkje kunde få til noko møte i oktober er ikkje berre min feil. Eg var på Opedalskonferansen, og du kunde ha møtt meg der til ein uformell prat. Men eg såg ingenting til deg.

Elles kom du i tidi fram til 12. november med spørsmål um framtid til Vestmannen. Eg kann ikkje sjå at eg kunde gissa meg fram til kva svar eg skulde gjeva på dette spørsmålet.

Spørsmålet hadde iallfall ikkje noko konkret innhald som galdt økonomien til Vestmannen.

Eg vil elles slå fast at Helge Liland på stjornarmøte i Vestmannen informerte stjorni um kor mykje pengar det stod på kontoane til Vestmannen. Dette hadde han beinveges frå meg.

Du meiner at stjorni treng ei onnor løysing der ho kann verta informert um det som gjeng fyre seg med bladet, slik at stjorni kann gjea endringar på grunnlag av kunnskapar og ikkje gissinger. Då vil eg spyra kva er det bladstyret hev ynskt å gjera? Når Jerdal med grunnlag i økonomien frå fjaråret kunde slå fast at bladpengane måtte aukast. Kvifor kom ikkje stjorni fram til same konklusjon? Du kjem derimot til den konklusjonen at du ikkje veit kor mange nummer det skal koma av Vestmannen i 2002. Kva er grunnlaget for den konklusjonen?

Eg meiner at du som andsvarleg formann for bladstyret hev havt tilgang til alle vesentlege delar av økonomien til Vestmannen, uavhengig av den informasjonen du kunde ha fenge frå meg.

Det du ikkje visste

Det einaste du ikkje visste var at eg hadde brukta 3000 kronor meir enn budsjettet til redaksjonelle utlegg, mogleg Liland vil postera det onnorleis, slik at budsjettet likevel gjeng upp på ein prikk. Iallfall vil det vera postar som gjeng ned. Eg hev investert i datamaskin utan å informera stjorni og i anna kontorutstyr som eg gjer greide for i notatet. Eg meiner desse umframme utleggi på umlag 15 000 kronor var livsavgerande for Vestmannen, um bladet skulde kunna halda fram. Eg fekk elles ingen spørsmål um eg hadde havt umframme utlegg, so det var altso ikkje dette som var det viktigaste for stjorni. Eg kann heller aldri hugsa at Krokvik informerte stjorni beinveges um slike utlegg.

Eg vil no spyrja deg kva informasjon du ikkje kunde ha hatt tilgang til og som eg kunde ha gjeve deg og som vilde ha fenge stjorni til å gjera seg tankar um ei eventuell endring av drifti? Og kva endringar kann det no vera snakk um?

“Når stjorni ikkje på noko tidspunkt hev kome til at det er noko gale med mi redigering av Vestmannen. Kva er det då som er grunnen til at stjorni ikkje kontaktar meg skriftleg med andre løysingsframlegg enn vedtaket av 3. desember? Eg kann ikkje sjå at bladstyret hadde nokon grunn til å løysa meg frå uppgåvor som dei ikkje kann lasta meg for med konkrete opplysningar eller spørsmål. Endå mindre no når eg hev svara på klagemåli frå Jerdal.

Eg kann ikkje sjå at du tek utgreidingane mine til Jerdals spørsmåli på ålvor, heller ikkje spørsmåli mine til deg vedkomande vedtaket av 3. desember. Du kallar tingingsnotatet mitt for "endelause rekkjer med spørsmål". Når du på denne måten ikkje ynskjer å taka upp realiteten i saki, korleis skal me då kunde koma vidare med samtalor?

Fyrre gong var det eit konkret framlegg um at eg skulde sitja i ei skriftnemnd med Krokvik til redaktør. Grunngjevingi for at Krokvik skulde vera redaktør var ikkje sakleg fundert i redigeringi av bladet, men du grunngav det med at postverket krev ein redaktør. Dette er for det fyrste ei tilsnikking. Du ynskjer ikkje meg til formell redaktør og grunngjev det med utanforliggende årsaker. Itillegg vil eg få fastslå at dette ikkje stemmer, og det burde du som andsvarleg formann i bladstyret vita. Det finst blad utan fast bladstyrar, og det finst jamvel blad utan bladstyrar.

Eg vil elles få taka uppatt at Jostein Krokvik skuld därleg helsa laut segja frå seg bladstyrargjerningi i år 2000. Han slo i brev til meg og stjorni 26. januar 2000 fast at det laut tilsetjast ny bladstyrar med løn. Eg vil slå dette fast serskilt for seg av di framleis truleg er folk som hevdar at stjorni i Vestmannalaget hev avsett Jostein Krokvik. Det var Jostein Krokvik som sa frå seg bladstyrargjerningi. Det viser brevi hans til stjorni frå 26. januar og frå 7. februar. Det var Jostein Krokvik som la fram spørsmålet um tilsetjing og um løn på 24 000 kronor i året. Han meinte jamvel at me kunde vurdera å lysa ut stillingi!

Når du vil ha eit skriftstyre spør eg: Kva sakleg fundering hev dette til at stjorni hev vore misnøgd med min informasjon vedkomande forretningsførsla?

Denne gongen er eg ikkje viss på kven du vil ha med i ei skriftnemnd. Du nemner nokre andre. Eg spør då igjen: kven er det som kann gjera arbeidet med redigeringi av Vestmannen betre enn eg, Torheim og Myrvoll? Dette er eit røynleg spørsmål som du må kunna svara på.

Eg tolkar deg slik når du ikkje vil svara på spørsmåli i notatet mitt: at du korkje fyre 3. desemer eller etter 3. desember hadde gjort deg upp nokor meinung um kva som kunde ha vorte gjort med bladet fyre 3. desember, og korleis blad-drifti kunde koma til å verta etter 1. januar. Det er etter mitt syn heilt uandsvarleg av deg å gjera vedtaket frå 3. desemer utan å ha gjort deg upp noko syn på kva som skal skje etter 1. januar. Um dette er feil, vil eg beda deg um å segja frå um det.

Med denne framferdi du no hev nytta hev du skapa total uvissa um korleis bladet skal verta drive frametter. Dette må du klåra upp i.

Med venleg helsing Lars Bjarne

PS. Formannsklubba og lykjelen fær du i posten. Eg vil segja meg sers leid for at eg ikkje fekk greidt ut med dette fyre eg for frå Bergen, men eg var sers travel og sameleis var det i oktober. Målsoga vil du alltid få høve til å yverlevera. Formann Berg tek seg av interessone til fondsstyret når det gjeld Målsoga. Um det skulde verta ynskjeleg, vil du få gode høve til å yverlevera bøkene til Mona Stormark som er nestformann i Opdalsfondet. Eg kann ikkje sjå at nokon av desse sakene skulde vera grunnlag for noko møte millom oss E.S.

Gode Klaus Johan:

Etter samrøda med deg i går, vil eg gjerne skyta til nokre ord um kvifor stjorni i Vestmannalaget/Vestmannen ikkje lenger finn å kunna halda på Lars Bjarne som bladstyrar.

Det skuldast ikkje berre at Lars Bjarne - på grunn av uheppelege umstende - ikkje ser seg i stand til å svara på eit einaste av dei spursmåli som me bed um svar på i brevet vårt av 15. november. Det er sjølv sagt ille nok - og etter mitt skyn heilt uandsvarleg - at både bladstyrar og styret for eit tiltak som dette, ikkje veit noko konkret um den økonomiske stoda når det stend att berre ein månad fram til neste driftsår. Dertil kjem at at fleire faste tingarar hev gjeve uttrykk for misnøgje med redigeringi etter at Lars Bjarne tok yver styringi.

Slik me ser det, er det mangelfulle sambandet millom oss - og den totalt fråverande informasjonen til stjorni - eitt av mange døme på at Lars Bjarne, slik stoda er, ikkje er rette mannen til å administrera bladet.

Me uppliver det slik at han hev teke for mykje på seg, for dette er ikkje fyrste gongen han ikkje svarar på det det verte bede um, eller syter for oppfylging av dei saker han er sett til å taka seg av. Eg kann til dømes nemna fylgjande:

- a) som skrivar i Opedalsfondet hev Lars Bjarne til dømes ikkje svara på mine etterlysingar av ei løyving til far min som ikkje hadde vorte utbetalt. Opedalsfondet hadde - etter det me skynar - årsmøte 4. august. Vestmannalaget hev framleis ikkje fenge årsmelding og rekneskap, endå det er lenge sidan me hev bede um det.
- b) som formann i Vestmannalaget, sende han ikkje varsel til Leidulv Hundvin um at den fyrre stjorni hadde sett inn Bjørn Tormod Ringdal i hans stad som målsmann i Opedalsfondet. Og sameleis vart fullmakter teke frå folk utan at dei fekk melding um det. Og som du kjenner til, gjekk det fem månader fyr Jostein Krokvik fekk varsel um at Lars Bjarne hadde vorte fast tilsett som bladstyrar for Vestmannen.
- c) Lars Bjarne er varamann i styret for Norsk Bokreidingslag. I slutten av oktober sende eg til honom eit skjema som skal til Brønnøysundregisteret. Han skal berre føra på personnummer og underskrift (ferdig frankert brevvare fylgte med). Dette skjemaet hev me framleis ikkje fenge i retur. Det same gjeld eit tilsvarande skjema for Fritz Monrad Walles fond som Sigbjørn Huun sende honom um lag samstundes.
- d) Lars Bjarne hev heller ikkje alltid sytt for umadressering i rett tid. I desse dagar hev Vestmannalaget motteke inkassovarsel med tilleggsavgifter for husleiga på Strandkaien. Tidlegare krav um betaling hev me ikkje motteke.
- e) Lars Bjarne sytte for at årsmøtet i Bokreidingslaget laut utsetjast.

Det førde med seg ekstrautlogor til Brønnøysund av di årsmelding og rekneskap ikkje kom inn i rett tid. Lars Bjarne sjølv møtte ikkje på det utsette årsmøtet, men han skreiv likevel um dette møtet i Vestmannen. Og hevda millom anna at det ikkje låg fyre luteigarlistor til møtet. Det gjorde det. Fullmaktsnemndi hadde denne til etterprøving av fullmaktene, men ingen andre bad um å få sjå på listone. Sameleis segjer han at Bokreidingslaget ikkje nemner bokutgjevingar i årsmeldingi. Det er heller ikkje rett. Slik det hev vore vanleg dei siste åri hev me delt ut two versjonar av årsmeldingi: ei som skal til Brønnøysund og som innheld nokre faste fraser som segjer lite um laget, og ei som listar upp aktiviteten i laget. Denne siste hadde med eit punkt um utgjevingar i år 2000 og planlagde utgjevingar i 2001. Slik Lars Bjarne skriv um årsmøtet, kann ein dessutan og få inntrykk av at den økonomiske stoda i laget er langt dårligare enn det som årsrekneskapen syner, nemleg eit yverskot på 112.000,- kronor.

På grunn av slike døme som dette, finn me at Lars Bjarne - i alle høve ikkje i den noverande situasjonen - er rette mann til å styra bladet Vestmannen. Me ynskjer at bladet skal halda fram og ha gode levevilkår, og me er fullt klår yver at det må heilhuga folk til for å驱va eit slikt tiltak. Me er ikkje det minste i tvil um at Lars Bjarne er ein glødande idealist og ein skrifefør kar, men i si praktiske gjerd hev han ikkje alltid makta å løysa uppgåvone på beste måte.

Eg ser det og slik at me er ikkje fleire i flokken vår enn at me må semjast og samarbeida skal målsaki ha framgong. Eg vil difor be dykk å vega på fylgjande løysing av den floken som spørsmålet um drift av Vestmannen hev vorte:

I staden for å løysa Lars Bjarne frå uppgåva som bladstyrar, vil stjorni gå inn for umleggjing av bladverksemdi frå og med 1.1.2002: Det vert utpeika ei skriftnemnd for bladet der Lars Bjarne, du sjølv, Olav Torheim og Jostein Krokvik (+ eventuelle andre) er med. Jostein Krokvik stend i fyrste umgang som andsvarleg bladstyrar (postverket krev vel ein slik skipnad), men ei ordning med avløysing kann avtalast nærare på eit seinare tidspunkt.

Eit kompromiss som dette reknar eg med å kunna få fleirtal for i stjorni.

Eg høyrer gjerne nærrare frå deg.

Venleg helsing

Jon Askeland

E.S. Du kjenner vel til at Krokvik fyller 75 år 4. januar 2002.

----- Opprinnelig melding -----

Fra: Lars Bjarne Marøy <lbmaroy@c2i.net>
Til: <jon.askeland@sfu.uib.no>
Sendt: 1. januar 2002 13:06
Emne: Skriftleg vedskifte

Gode Jon

Av di du ikkje vil leggja fram for meg på kva grunnlag du og stjorni hev tenkt um blad-drifti anten fyre 3. desember eller etter 3. desember og på bakgrunn av at framstellingi av mi rolla som bladstyrar er ei sentral sak for utanforståande som ikkje sit i stjorni, vil eg beda deg um å svara på two spørsmål serskilt for seg:

Kva kontakt hev det vore millom Klaus Johan Myrvoll og deg, til dømes skriftleg vedskifte?

Kva kontakt hev det vore millom Jostein Krokvik og deg, til dømes skriftleg vedskifte?

Kva framstelling hev du gjeve av meg og mi framferd som bladstyrar til Klaus Johan Myrvoll i skriftleg vedskifte?

Kva framstelling hev du gjeve av meg og mi framferd som bladstyrar til Jostein Krokvik i skriftleg vedskifte?

Eg vil rekna det som ein fyremun at du sjølv kjem fram med slike utspel, slik at eg kann få forsvara meg mot eventuell kritikk og slik at folk ikkje får eit rangt bilet av meg, utan at eg får høve til å korrigera det.

Med venleg helsing
Lars Bjarne Marøy

Fritz Monrad Walles fond

Bergen den 10/7

Kjære Lars Bjarne

Den nye formannen har kontaktet meg om regnskapet for Walles fond. Vi har avtale med Flesland om at han skal næste sammen regnskapet for 1. og 2. halvår 2000.

Det er derfor om å gjøre å få regnskapsdelene og vedleggene opp til Flesland. Jeg ber deg om så hjelpe til med dette slik at vi kan få avsluttet saken på hederlig vis og legge frem regnskapssammendraget for Vestmannalaget så snart som mulig.

Fortsatt god sommer

Vennlig hilsen John

Lars Bjarne Marøy
Eliasmarken 14
5163 LAKSEVÅG

Revisor John Marhaug
sMyrholtet 210
5142 FYLLINGSDALEN

Bergen 26. juli

Gode John!

Takk for kort og brev. Gildt å sjå at du ser deg fyre å få med samar i Vestmannalaget. Eg hev tala med formann Askeland, og han sa då at han hadde vorte kontakta av deg um rekneskapane. Han fortalte meg då ingen ting um at det ligg fyre ein avtale med Leiv Flesland. Kva for ein avtale? Og kva er grunnlaget for denne avtalen?

At det trengst nokon avtale med Flesland for å få avslutta saki på heiderleg vis, skynar eg ikkje. Kva meiner du?

Stjorni og formann Askeland hev no ferie. Askeland skal etter det eg skynar ha fare til Spania. Sjølv hev eg òg teke ferie.

Eg vonar du kann svara meg på spørsmåli mine.

Venleg helsing

Lars Bjarne Marøy

Gode Jon Askeland

Eg viser til vedlagde brev frå John Marhaug, revisoren i Vestmannalaget. I brevet skriv Marhaug at du hev teke kontakt med han og at du og han hadde avtale med Leiv Flesland. Eg hev bede Marhaug djupa ut dette, (so kjem evt. utdjuping frå Marhaug.)

Av stjornarprotokollen som du hev fenge gjeng det klårt fram at Leiv Flesland er uppsagt frå sitt uppdrag for Vestmannalaget og for Fritz Monrad Walles fond. Grunngjevingi var at laget skulde spara pengar. Noko eg og den fyrre stjorni meinte det var godt grunnlag for, di meir av di me hev Sigbjørn John Huun til å gjera arbeidet på ein fullgod måte, utan eit slikt vederlag som Flesland gjer krav på.

Eg vil få minna deg um stjornarvedtaket med gjorde 9. mai. Der vart Sigbjørn John Huun konstituert til forretningsførar av stjorni. Det er ingen ting å segja på at dei two rekneskapskunnige i stjorni delar desse rekneskapane millom seg, slik eg ser det. Og andre framlegg kom ikkje upp i det heile. Du hev sjølv vore med på å godkjenna uppritet frå dette møtet på stjornarmøtet i juni, og du hev gjeve attendemelding til Harald Linga på at uppritet frå juni-møtet ser greidt ut.

Rekneskapane vart som eg gjorde nøgje greida for på stjornarmøtet i juni liggjande altfor lenge hjå revisor John Arthur Marhaug. Sigbjørn John Huun gjorde på stjornarmøte 9. mai det klårt at det vilde verta uråd for han å få fullført rekneskapen fyre ferien, men at han skulde kontakta Fylkesmannen og beda um utsetjing for laget. Rekneskapen må iallfall leggjast fram med stjornartilråding for ei godkjenning på eit vanleg lagsmøte fyre han kann verta endeleg og leggjast fram for Fylkesmannen.

På bakgrunn av desse kjensgjerningane tykkjer eg det er eit merkeleg brev å få frå John Marhaug der han skriv at du hev gjort avtale med Leiv Flesland saman med John Marhaug. Dette hev du ikkje nemnt på noko stjornarmøte. Eg vil elles visa til telefonsamtale der eg slo fast at avtalen var og er at konstituert forretningsførar i Fritz Monrad Walles fond, Sigbjørn John Huun fører rekneskapen for Walles fond for år 2000. Du protesterte ikkje på den kjensgjerningi eg slo fast i telefonen. Brevet frå Marhaug kom etter denne samtalet!

Eg vil beda um at du gjera greida for kva kontakt det hev vore millom deg, Flesland og Marhaug. Dette gjer eg ikkje for å vera vanskeleg, men av di tillit og spelereglar er heilt naudsint i styrearbeid og i anna friviljukt arbeid. Ein må litra på at dei stjornarvedtak som vert gjorde vert fylgde opp og at det ikkje vert gjorde avgjerder på tvers av stjornarvedtak.

Eg vonar at du skapar orden i situasjonen og at me slepp å bruka tid på å halda orden på so klåre og elementære formalitetar som dette. For min eigen part er eg meir enn leid av slikt.

Med venleg helsing Lars Einar Marøy

Gode Dykk

Eg kjem her med svar på det e-brevet som Jon Askeland i løynd sende til Klaus Johan Myrvoll 15. desember. Det var lenge fyre eg hadde kome meg til Bergen for å røkja etter rekneskapsdokumenti og andre ting som eg der kunde få greidt upp i.

Eg ser det som positivt at dette brevet no hev vorte kunngjort for meg. Eg tykkjer det er leidt å verta utsett for skuldingar som eg ikkje fær høve til å svara på. Eg vil vidare uppmoda stjorni og Jon Askeland um å leggja fram andre brev og skuldingar for meg personleg, heller enn å fara umkring på byen med dei fyre eg hev havt høve til å svara for meg.

Med venleg helsing

Lars Bjarne

Til Askelands punkt:

Eg sit att med eit inntrykk av at stjorni og Jon Askeland meiner at eg hev teke på meg for mykje arbeid og at dette er ein grunn til å gjera vedtaket av 3. desember. Askeland remsar upp ei rad tilhøve som det ikkje skal vera greidt upp i. Han meiner at eg grunnlaust hev forsømt meg, um eg tolkar han rett. Dette vil eg avvisa. Og eg gjer nærare greida for dei ulike tilhøvi nedanfor.

A

Du skriv at eg som skrivar i Opedalsfondet ikkje hev informert um ei løyving til far din, Alv Askeland. Det stemmer ikkje. Eg hadde ingi fullmakt til å handla i denne saki. Etter fyrespurnad frå deg hev eg alt same dagen formidla melding vidare til formannen i Opedalsfondet som hev gjeve fyldug attendemelding. Resten av saki er interessant nok. Du hev i brev gjort krav på heidersprisen til far din som vart utetla i 1997, jamvel med ei stor prisutetingssamkoma som eg sjølv var primus motor i å få skipa til. Denne prisen gjorde du første gong krav på i brev til fondet av 28. februar, dinest i e-brev til meg i september, so vidt eg hugsar. Det undrar meg at ein mann som hev vunne honnorpris i 1997 med den umtala og den tilskipingi som var kring prisutetingi, kann få son sin til å koma i ettertid å segja at han ikkje hev fenge prisen.

So må ein naturlegvis leggja godviljen til og tenkja seg at det kann vera ei bokløyving frå 1996 det er tale um. Det året løvdde Opedalsfondet pengar til ei bok av Alv Askeland. Denne boki var ferdig hausten 1997. På denne tidi og fram til april 2000 sat Leiv Flesland som rekneskapsførar både for Opedalsfondet og for Norsk Bokreidingslag. Kvifor skulde ikkje Leiv Flesland i den tid han sat som rekneskapsførar i Opedalsfondet yverføra pengane frå 1996 til Bokreidingslaget?

Me skriv no 2002 og enno hev ikkje Norsk Bokreidingslag gjort skriftleg krav på pengane frå 1996. Kvifor ikkje? For orden skuld, eg spør berre for eigen del, og ikkje offisielt for fondet. Formell fyrespurnad kjem frå formannen i fondet.

Når det gjeld årsmelding og rekneskap mottok Opedalsfondet ein fyrespurnad i midten av november. Eg vart ikkje kjend med denne fyrespurnaden fyre nestformannen i fondet la fram brevet for meg no i slutten av desember. Eg hev varsla formannen um brevet.

Eg meiner at eg ikkje kann lastast for at nestformannen, som for tidi er andsvarleg for å henta posten, ikkje hev vitra korkje meg eller styreformannen um dette brevet. Fondet hev uavhengig av dette arbeidt med sluttføringi av årsmeldingi. Årsmeldingi som låg fyre på årsmøtet 4. august hev vorte supplert av formannen med ei rad upplysningar som eg ikkje hadde tilgang til då eg skreiv henne. Eg er ikkje andsvarleg for dette. Årsmelding og rekneskap ligg no fyre, og formannen vil sjølv senda både til Vestmannalaget. Eg vil få minna um at dette er fyrste gongen på 6-7 år at det i det heile vert sendt ut årsmelding til uppnevnarlagi til Opedalsfondet. Det fondsstyret som sat fyre eg kom inn som målsmann sende ikkje ut årsmelding til uppnevnarlagi.

B

Ja, det stemmer at eg ikkje varsla Leidulv Hundvin um at han var løyst frå umbodet. Men eg kann ikkje sjå at eg hadde nokon skyldnad til det. Eg let Hundvin få uttala seg i saki. Du derimot tykte ikkje det var verdt å mælda frå til formannen i Opedalsfondet um ei rad grove og usaklege skuldingar som du sette fram mot formannen personleg. Du let jamvel vera å taka umsyn til eit sju sidors notat som synte klårt at du handla på sviktande grunnlag då du vilde ha Hundvin attende til målsmann i fondet no i haust.

C

Eg venta lenge med å svara på skjemaet til Brønnøysund-registeret av di eg ynskte å få klårlagt um eg utan vidare kann segja meg løyst frå umbodet som varamann til Norsk Bokreidingslag. Etter dei upplysningsane eg kunde finna fram til um representasjon i slike styre, rekna eg det for naturleg at eg på kva tidspunkt som helst kunde nekta å taka i mot eit umbod som eg ikkje var spurd um å sitja i. Eg reknar med at ingen i styret vil pressa meg til å verta ståande, og at eg soleis vil vera løyst frå alt mogleg andsvar som kjem ved den daglege drifti i forlaget.

Du skuldar meg òg for å ikkje ha sendt eit brev til Sigbjørn John Huun um registrering av Fritz Monrad Walles fond. Dette brevet hev òg vorte sendt, trass i at det ikkje kjem til å verta nokor registrering av det, berre ei utdrygjing av heile saki.

D

Du peikar på at eg hev late vera å umadressera post til Vestmannalaget. Det hev sume tider samla seg opp privat post som hev vorte liggjande hjå meg inni denne posten kom det eit brev med varsel um inkasso. Dette brevet hev eg sendt vidare til kassastyrar Storheim. Men i dette høve vil eg få streka under at du, Jon Askeland, hev vore kjent med at det låg fyre ei rekning for lagerleiga som det her tydelegvis gjeld. Denne rekningi fekk du på stjornarmøte i juni. Du kunde ha betala den fyrste rekningi, so hadde det ikkje kome fleire.

Du hev dessutan vore kjend med at slike rekningar burde ha vore yverførde til postadressa di då du tok yver som formann. Du hev havt både rekningi og postadressa til innkrevjingsfirmaet. Eit brev til innkrevjingsfirmaet hadde rokke til at du hadde fenge den posten som eg fekk no. Det burde du ha sytt for, so eg slapp å finsikta posten min for evt. tidlegare varslingsbrev til laget. Eg gjorde fyre jol ei nøgji gransking og fann endå eit brev som var ei rekning. Brevet bar ingen synlege merke av å vera til Vestmannalaget, det er mogleg at umdresseringslappen er lima yver adressa med Vestmannalaget på. Brevet er sendt vidare til kassastyrar Storheim.

Eg segjer meg naturlegvis leid for det som hev hendt, og vonar at det let seg gjera å få ordna upp i dei trasige tilhøvi som hev kome upp.

E

Lat det med ein gong vera sagt at eg aldri hev ynskt Bokreidingslaget anna enn vel! Eg hev selt bøker og formidla kontakt ved ei rad høve. Seinast no i sumar fekk eg med meg Trygve Lande ut til Skolten då Målungdomen skulde fara til Færøyane. Berre på denne venda tente Bokreidingslaget umlag 2000 kronor på sal av Færøysk-norsk ordbok. Eg gjorde upptak til at Vestmannalaget skulde skaffa Bokreidingslaget lager i 1999, og eg var med på flytjingi same året. Det var ikkje fée bokkassar eg lempa på, medan du, Jon, var i Latin-Amerika. I februar 2000 vilde eg hjelpe til med å skaffa inntekter til Målsoga. Eg la fram ei rad tilskrifter til institusjonar ein kunde søkja um pengar frå. Eg bad jamvel um å få standardsøknad, frå deg, Jon. Då kunde eg ha hjelpt deg med å skriva søknader. Det kom aldri noko svar.

I fleire vendor hev eg gjort framlegg um at Vestmannen burde senda ut brev med giro til tingarar, so dei kunde få kjøpa Målsoga. Dette kunde du og Bokreidingslaget når som helst ha fenge greidt ut gjennom prenteverket i Fiskåbygd. Kva tid hev du gjort noko for å få dette til?

Du meiner at eg personleg sytte for at årsmøtet i Bokreidingslaget som var uppsett laut utsetjast. Nei, eg hadde saki uppe i styret i Vestlandske mållag som er hovudaksjonær i laget. Me såg det slik at innkalling munnleg yver telefon dette året og ingi innkalling året fyre ikkje var sætande praksis for eit lutlag. Dette måtte det greidast upp i.

Du meiner at eg hev hevda at det ikkje låg fyre lista yver luteigarane. Det hev eg ikkje meint. Eg skreiv at ”me hev ikkje fenge listor yver luteigarane som var til stades”. Med det vilde eg berre peika på at eg og Vestmannen ikkje var kjend med kven som var til stades på møtet. Eg hadde heller ikkje fenge meir enn éi årsmelding, og det var den med frasone til Brønnøysund. Eg visste ikkje at det var praksis med two årsmeldingar. Sist eg var på årsmøtet i Bokreidingslaget i 1999 fekk eg berre éi. Det er elles utruleg at Bokreidingslaget då hev sendt ut ei årsmelding til luteigarane som ikkje inneheld upplysningars um drifti. Kva er for resten grunngjevingi for å ha two årsmeldingar?

Når eg ikkje hev nemnt driftsrekneskapen meiner du at eg gjev inntrykk av at økonomien er därlegare enn lesarane kann få inntrykk av. Men kva er det so i framstellingi mi av økonomien i Norsk Bokreidingslag som er feil eller som gjev eit rangt bilet av den økonomiske stoda i laget? Og korleis kunde det ha vorte upprettat?

Under alle umstende reknar eg det for sers merkeleg at du ikkje hev gjort noko tildriv til å få retta upp i eventuelle mistak i det som hev stade um Bokreidingslaget i Vestmannen. Det måtte då vera det fyrste ein formann i eit lutlag vilde gjera.

F

Konklusjon um vedtaket av 3. desember:

Alt i alt sit eg att med at du skuldar meg for at eg ikkje la fram upplysningar som eg med grunngjeving i brev til stjorni gjorde det klårt at eg ikkje kunde leggja fram. Dertil kjem at nokre ikkje namngjevne personar hev kome med kritikk av redigeringi av drifti. Kva det er med redigeringi som er gale, kjem du ikkje fram med.

Vidare skuldar du meg for ikkje å ha sendt nokre brev i tilknyting til Vestmannalaget, Opedalsfondet og Bokreidingslaget. Og du skuldar meg for å ha gjeve ei feil framstelling av Bokreidingslaget i Vestmannen. På dette grunnlaget meiner du altso at eg er ueigna til å styra Vestmannen. Eg tykkjer ikkje desse grunnane held saklege mål. Attåt kjem det at eg fram til skrivande stund hev gjort det som gjerast kann i høve til dei skuldingane som du kjem med i brevet. På toppen av det heile hev du halde kritikkbrevet ditt løynt. Du hev med andre ord freista å bakvaska meg. Korleis kann du forsvara dette?

Til stjorni i Vestmannalaget

Eg viser til stjornarvedtak frå 3. desember og brev frå Jon Askeland.

Av det vedtaket eg hev fenge tilsendt gjeng det fram at stjorni i Vestmannalaget løyser meg frå umbodet som bladstyrar og forretningsførar for Vestmannen.

Stjornarvedtaket segjer ikkje noko um det skal sendast noko brev til meg med kunngjering av vedtaket. Likevel fekk eg brev frå Jon Askeland um at stjorni lyt løysa meg frå umbodet.

Det er fleire tilhøve ved dette brevet og stjornarvedtaket som gjeng fyreåt som eg finn grunn til å reisa tvil ved.

1

Det viktigaste punktet her er at eg er tilsett som bladstyrar av stjorni i Vestmannalaget. Eg hev arbeidskontrakt og hev motteke løn med skattetrekk. Det vil segja at stjorni er bundi av Arbeidsmiljølovi. Arbeidsmiljølovi fastset klåre prosedyrar for korleis ein skal gå fram ved uppsegjing. Eg kann ikkje sjå at desse reglane hev vorte fulgt i dette høvet. For det første skriv ikkje stjorni at ho segjer meg upp frå ei stilling, men løyser meg frå eit "umbod". For det andre hev ikkje stjorni freista å koma fram til ei minneleg ordning med meg i tidi millom brevet frå 15. november og vedtaket frå 3. desember. Og for det tridje gjev arbeidskontrakten meg tri månaders uppsegjingstid. Dette hev ikkje vorte respektert eller teke umsyn til i stjornarvedtaket. Av desse grunnane kann eg ikkje sjå at vedtaket frå 3. desember kann gjevast den rettskrafti som stjorni ynskjer.

2

Eg fekk umlag 14 dagar til å svara på eit brev med spørsmål um økonomien til Vestmannen. Eg kom med grunngjeve svar på kvifor eg ikkje kunde koma med noko fullnøgjande svar på desse spørsmåli innan den fresten som var sett. Grunnen var at rekneskapsvedleggi som eg trong var heime i Bergen, og mor mi hadde ikkje lukkast med å finna deim fram. Stjorni gjorde ingenting for å koma meg til møtes på dette punktet. Eg steller meg soleis tvilande til um dette kann segjast å vera anten sakleg eller rimeleg grunn til uppsegjing. Eg vil vidare visa til at eg svara både på notatet frå Jerdal og dei spørsmåli som stjorni hadde til den økonomiske stoda for Vestmannen då eg var i Bergen i desember.

3

Stjorni konkluderte med at dei laut løysa meg frå umbodet som bladstyrar for Vestmannen, utan at eg vart spurd eller tilboden andre løysingar. Stjorni gjorde heller ingen freistnad på å kalla meg inn til samtalor kring det vedtaket dei vilde gjera. Eg hev ikkje motteke nokor skriftleg melding frå stjorni um andre løysingar.

4

Eg tykkjer det var eit godt upptak frå formannen i Vestmannalaget at han ynskte å møta meg då eg var i Bergen for å diskutera framtid til Vestmannen. Men det verkar underleg å vilja diskutera framtid til Vestmannen med ein formann som ikkje ynskjer å ha meg som bladstyrar og som tydeleg er misnøgd med måten eg hev drive Vestmannen på. Eg kann dimeir ikkje sjå at det kann vera aktuelt med samtalor fyre stjorni faktisk respekterar dei rettane som eg hev i samsvar med den arbeidskontrakten eg hev med stjorni i Vestmannalaget.

I tillegg til dette vart ”ferietidi” i Bergen sers travel og mykje prega først av rydjearbeid etter upp-pussingi heime og seinare av at eg miste ein nær slektning. Dette hev vore ein hektisk hauст for meg, og det hev vore uråd å halda styr på alle tingi som låg/ligg i Bergen. Eg hev freista etter beste evna å greida upp i dei tilhøvi som eg kunde greida upp i når eg no var i Bergen. Tidi strakk ikkje til til meir.

Eg vil gjerne vera med på å diskutera nye løysingar for Vestmannen frametter, utan at eg legg nokon personleg prestisje i det. Um stjorni til dømes vil ha meg til bladstyrar enno etter uppsegjingstidi, kann eg gjeva avkall på å få løn for arbeidet. Um stjorni ynskjer ei ny løysing med eit bladstyre for bladet, kann eg vera viljug til å diskutera dette. Men grunnlaget er at arbeidskontrakten min med stjorni vert respektert.

Eg ser det slik at arbeidskontrakten min med stjorni gjer stjorni økonomisk og juridisk andsvarleg andsynes meg. Eg reknar meg i alle høve som bladstyrar i dei tri månadene som er uppsegjingstidi i kontrakten med dei rettar og plikter som fylgjer med stillingi, slik ho var fyre vedtaket av 3. desember. Eg bed um svar på dette brevet snarast og seinast innan 14 dagar. Um ikkje reknar eg inntil vidare med at stjorni delar mi uppfatning.

Med venleg helsing
Lars Bjarne Marøy